



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Dykkar ref.:

Vår ref.:
19/743 - 2 / ANT

Dato:
17.12.2019

Varsel om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi i Austrheim kommune for 2020-2024

Austrheim kommune sitt kommunestyre har i møte den 12.12.2019 vedteke oppstart av kommunal planstrategi. Vedtaket om oppstart med arbeidet med planstrategi for perioden 2020-2024 har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinest innan eitt år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Den kommunale planstrategien skal vera eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgåver Austrheim kommune skal prioritera i valperioden. Planstrategien bør drøfta kommunen sine strategiske val knytta til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane sine arbeidsoppgåver.

Ved handsaminga av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal videreførast utan endringar. Kommunestyret kan og ta stilling til om det er trøng for å setja i gong arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldane planar bør reviderast eller opphevast.

Planstrategien skal formelt vedtakast i kommunestyret. Planstrategien er retningsgjevande og vil ikkje hindra at andre planar/ planoppgåver kan settast i gong i kommunestyreperioden. Strategien har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane og det kan ikkje fremjast motsegn mot den. Planstrategien vil ha fokus på at planlegginga skal vera behovstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Austrheim kommune heldt no på med utarbeiding av planstrategi for kommunestyreperioden 2020-2024. Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhenta synspunkter frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør også leggja opp til lokal døfting og medverknad.

Austrheim kommune tek gjerne imot innspel til arbeidet med planstrategien framover på e-post: post@austrheim.kommune.no eller på post til: Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 Austrheim.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakere:

Austrheim eldreråd	Kvalvågen 76	5943	AUSTRHEIM
Austrheim kommune			
Austrheim Kyrkjelege Fellesråd	Austrheimsvegen	5943	AUSTRHEIM
Austrheim ungdomsråd			
Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Bergens Sjøfartsmuseum	Postboks 7800	5020	BERGEN
BKK NETT AS	Pb 7050	5020	BERGEN
Fedje kommune	Stormarkvegen 49	5947	Fedje
Fiskeridirektoratet region vest	Pb 185-Sentrum	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Gulen kommune	Eivindvikvegen	5966	Eivindvik
	1119		
Hordaland Fylkeskommune	postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Pb 1502	6025	ÅLESUND
Landbruksfagrådet i Austrheim	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Lindås kommune	Kvernhusmyrane	5914	Isdalstø
	41		
Naturvernforbundet Hordaland	Jakobsfjorden 4.	5003	BERGEN
	etasje, Bryggen 23		
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Nordhordland Lensmannskontor	Postboks 33	5902	ISDALSTØ
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Utkilen 1	5953	FONNES
Statens vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER